Vestre Slidre KOMMUNE

Kommuneplan

- 2021-2029 -

Risiko- og sårbarheitsanalyse

-Ved. 3. offentlege ettersyn av planen

Kommuneplanens arealdel

- 2021-2029 -

RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL

-Ved. 3. offentlege ettersyn av planen

Forsidefoto ©Svein Erik Ski

Innhald – Risiko- og sårbarheitsanalyse

1. Innleiing 5
   1.1 Oppbygging av analysen 5
2. Vestre Slidre kommune og risikofaktorar 5
   2.1 Areal og folketal 5
   2.2 Klima og topografi 5
   2.3 Infrastruktur 6
   2.4 Risiko knytt til tidlegare arealbruk 7
   2.5 Risiko knytt til ulovleg verksemd 7
   2.6 Risiko knytt til ny arealbruk 7
   2.7 Strategiske område/funksjonar 7
   2.8 Hovudfunn i kommunens heilskaplege ROS-analyse 7
3. Grunnlagsdata 8
   3.1 Nasjonale data 8
   3.2 Faresonekartlagte område 9
      3.2.1 Ras og skred 9
      3.2.2 Flaum 10
4. Metodikk 11
   4.1 Skildring av delområda 12
   4.2 Identifisere uønska hendingar 12
   4.3 Vurdere risiko/sårbarheit 13
      4.3.1 Generelt 13
      4.3.2 Analyseskjema 14
   4.4 Tiltak for å redusere risiko og sårbarhet 15
   4.5 Dokumentasjon av korleis analysen påverkar planforslaget 15
   4.6 Metodikk ved analyse av planen sin samla verknad 15
5. Analyser av delområde 15
      5.1.1 Teinkforklaring til karta 16
   5.2 Midtre og Sørre Syndin (H1-H13) 16
      5.2.1 H1 17
      5.2.2 H3 18
      5.2.3 H4 og H5 19
      5.2.4 H6, H7, H8, H9 og H10 21
      5.2.5 H11 23
      5.2.6 H12 og H13 25
   5.3 Fiskeløyse (H20-H22) 27
      5.3.1 H20 28

5.3.2 H21 30
5.3.3 H22 32
5.4 Sørre Syndin - Knippeset (H30-H41) 34
5.4.1 H30, H32 og H33 35
5.4.2 H34 og H35 37
5.4.3 H37, H38, H39, H40 og H41 39
5.5 Knippeset – Ålfjell (H42-H46, I1 og M1) 41
5.5.1 H42 42
5.5.2 H43, H44 og H45 44
5.5.3 H46 46
5.5.4 I1 48
5.5.5 M1 51
5.6 Vaset - Svedalen (H60-H63, N10-N12, Sentrum) 52
5.6.1 H60 og H64 53
5.6.2 H61, N10 55
5.6.3 N11 og sentrumsområda nord for Vasetåne 57
5.6.4 N12 og B20 60
5.6.5 B21 og sentrumsområdet sør for Vasetåne 63
5.6.6 H62 og H63 65
5.7 Bygda nord for Røn sentrum (B1-B3) 67
5.7.1 B1 68
5.7.2 B2 70
5.7.3 B3 72
5.8 Nær Røn sentrum (B4-B9, N1-N2, FT1) 73
5.8.1 B4 74
5.8.2 B5 76
5.8.3 FT1 77
5.8.4 N1 78
5.8.5 B6 80
5.8.6 B7 og B8 82
5.8.7 N2 og B9 83
5.9 Statsallmenninga 85
5.9.1 M2 85
5.9.2 Naustområde i Grunke 88
6. Analyse av planen sin samla verknad 89
6.1 Potensiell auke i folketal som følge av planen 90
6.1.1 Realistisk auke i folketal som følgje av planen 90
6.2 Strukturar som kan vere sårbare ved auka tal personar 91

1. Innleiing

I fylgje plan- og bygningsloven § 4-3 skal planmynda, ved utarbeiding av planer for utbygging, sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse blir gjennomført for planområdet. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitsforhald som har betyding for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som fylgje av planlagt utbygging.

Formålet med denne analysen er å svare ut dette lovkravet.

Analysen omfattar alle nye område for utbyggingsføremål i planen.

1.1 Oppbygging av analysen

Kapittel 2 omtalar kommunen generelt, med folketal, høgdelag, klima og infrastruktur og kva som er dei største risikofaktorane som vedkjem liv og helse.

Kapittel 3 er presentasjon av grunnlagsdata som vi nyttar i analysen. Kapittel 4 er metodikk i analysen og kapittel 5 er analyse av enkeltområde. I kapittel 6 vurderer vi dei samla effektane av tiltaka som arealdelen legg til rette for.

2. Vestre Slidre kommune og risikofaktorar

2.1 Areal og folketal

Kommunens areal er ca. 463 km^2. Lågaste punkt i kommunen er 355 moh. Det meste av den faste busetjinga og næringsverksemda i bygda ligg rundt 400 moh, med enkelte gardsbruk opp til 700 moh. Vaset med si næringsverksemd ligg på rundt 800 moh, dei store hytteområda ligg herifrå og opp til 1050 moh.

Kommunen har vel 2.100 innbyggarar. Med «middels nasjonal vekst» framskriv SSB folketalet til omlag same nivå både i 2030 og 2050. I høve folketalet er omfanget av fritidsbustader stort. Det er vel 2700 hytter i kommunen. Med annan turistrelatert verksemd kan ein rekne at det i perioder kan vere vel 10.000 personar som oppheld seg i kommunen.

2.2 Klima og topografi

Klimaet er innlandsklima med liten årsnedbør og relativt høg sommartemperatur og låg vintertemperatur. Sterk vind oppstår relativt sjeldan. Dei tettast befolka områda er nede i dalføret som er meir skjerma for vind enn fjellområda.

Topografien gjer dei busette områda lite utsette for flaum, flaumhendingar er ikkje kjent i kommunen. I skrednett.no er det lista opp 13 kjente skredhendingar i kommunen. Tre ulike gardsbuk har vorte tekne av skred tilbake på 1700-talet, eit av bruka fleire gonger, sist på 1800 talet. Ein person omkom då eit sæl vart teke av snøskred i 1935. Elles er dette hendingar utan store skader.

Som andre stader, ser ein tendens til auka omfang av ekstremver med store mengder nedbør over kort tid. Det har vore problem med tette eller underdimensjonerte stikkrenner og nye flaumvegar som fylgje av det. Ved nokre høve har det ført til stenging av mindre vegar og noko materielle skader. Større materielle skader har vi ikkje opplevd i seinare tid.

Vind har også ført til materielle skader på bygg og vindfall over bygg og vegar, skadene har vore relativt små.

Kommunen har relativt store, samanhengande barskogområde som i tørkeperiodar har risiko for skogbrann. Ein stor andel av bustadhusa og dei lågastliggande hytteområda ligg nær desse barskogområda. Vi kjenner ikkje til større skogbrannar i kommunen frå nyare tid.

2.3 Infrastruktur

Trafikk og ulykker

E16 er hovudferdsleåra i kommunen. Trafikken her er større enn den samla trafikken på alle vegar elles i kommunen og det er her dei aller fleste ulukkene skjer.



Fig. 1: Trafikkulukker registrerte i nasjonal base. Ulukker som førte til drepte markert med raude sirklar og alvorleg skadde markerte med oransje sirklar. Andre trafikkulukker markert med blå sirklar.

Elektrisitetsforsyning

Vind og vindfall og torever skapar iblant brot i elektrisitetsforsyninga. Trass i aukande hyppigheit av sterk vind opplever vi at forbetringar av nettet har gjort at straumbrota er færre enn før.

Vassforsyning

Det er to store vassverk i kommunen, båe med grunnvatn som råvasskjelde. Slidre og Røn vassverk forsyner kommunesenteret i Slidre og tettstaden Røn. Vaset vassverk forsyner Vaset-området og hytteområda nordover.

Bustader og gardsbruk utanom aksen Slidre-Røn har private brønnar eller mindre private fellesanlegg. Det gjeld også alle fritidsbustader utanom områda ved Vaset og nordover. Det er eit lite kommunalt vassverk som forsyner Lomen industriområde.

2.4 Risiko knytt til tidlegare arealbruk

I kommunen er det tre kartlagte område over ureina grunn i grunnforurensningsbasen. Det gjeld ein nedlagt avfallsplass, ein eksisterande avfallsplass og ein eksisterande skytebane. Alle er kategoriserte til å ha «Akseptabel forurensning med dagens areal- og resipientbruk».

2.5 Risiko knytt til ulovleg verksemd

Sabotasje eller terrormål er ikkje vurdert spesielt i samband med revisjonen av kommuneplanens arealdel.

2.6 Risiko knytt til ny arealbruk

Ny arealbruk kan gi raskare avrenning og nye flaumvegar, som i sin tur kan utløyse flaum og jordskred. Ny arealbruk kan føre til ureining av vassdrag og drikkevasskjelder, og kan medføre brann eller industriulykker. Ny arealbruk kan også gi auka trafikk og auke faren for trafikkulykker, lokalt og utanfor kommunen. Talet folk lokalt og samla i kommunen kan auke. Konsekvensane av hendingar blir større når fleire blir råka.

2.7 Strategiske område/funksjonar

Drikkevassforekomstar kan generelt bli ureina som følgje av ulykker med farleg gods, utslepp frå bensinstasjonar, andre tankanlegg for olje og gass, kloakkutslepp, utslepp av gjødsel eller ekstrem nedbør med erosjon, overfløyming, ras eller sabotasje.

Vegar kan bli stengte som følgje av skred, flaum, vindfall og ulykker. Elektrisitetsnettet kan gå ut som følge av vind og vindfall, torever, ras og flaum.

2.8 Hovudfunn i kommunens heilskaplege ROS-analyse

I kommunens heilskaplege ROS-analyse frå 2017 er hendingar vurdert utifrå fem kategoriar:

1. Naturhending
1b. Naturhending – skogbrann
2. Sjukdomssmitte
2b. Sjukdomssmitte – epidemi, pandemi
3. Ulukker

4. Tilsikta hendingar
4b. Tilsikta hendingar – gisselsituasjon buss
5. Tap av kritisk infrastruktur

Analysen syner at den største risikoen Vestre Slidre kommune står ovanfor er trafikkrelatert. Tungtrafikken gjennom kommunen er omfattande. Kombinert med dårlege vegar inneber dette ein kontinuerleg risiko for kommunens innbyggjarar. Analysen syner vidare at dersom fleire hendingar inntreff samstundes, har kommunen god evne til å handtere dette og til å oppretthalde sine funksjonar. Ved enkelte hendingar syner analysen at kommunen er sårbar og vil kunne få problem med å halde tenestetilbodet oppe. Dette vurderast å være mest sannsynleg ved bortfall av kritisk samfunnsinfrastruktur som straum og internett. I alle tilfelle vil kommunen være avhengig av bistand frå nabokommunar, interkommunale aktørar og eksterne bidragsytarar (til dømes heimevernet, sivilforsvaret, mattilsynet, frivillige lag og organisasjonar, lokalt næringsliv osb.).

3. Grunnlagsdata

I analysen og ved vurdering av om hendingar er aktuelle nyttar vi datatilkoplinga Temadata Innlandet og data frå lokale faresonekartleggingar.

3.1 Nasjonale data

Frå datatilkoplinga Temadata Innlandet nyttar vi følgjande temadata:



Fig. 2: Temadata frå Temadata Innlandet som blir nytta. Tala i parentes angir kor mange forekomstar som finst innafor kommunen.



Fig. 3: Oversiktskart nasjonale data og framtidige byggeområde. Alle tema som går fram av fig. 2, unnateke dreneringsliner, teikna ut som det går fram av symbola i figuren. Teiknforklaring for grunnkart og plandata innfelt i figuren

3.2 Faresonekartlagte område

Der det er gjort lokale faresonekartleggingar nyttar vi dei i staden for aktsemdssoner for ras/skred og flaum. Det vil seie at innafor dei faresonekartlagte områda vurderer vi kun mot reell faresone, ikkje aktsemdssoner.

3.2.1 Ras og skred

Skred AS har gjort ei faresonekartlegging av skred i sju område i bygda i samband med kommuneplanarbeidet:
(https://innsyn.iktvaldres.no/vsk/wfdocument.ashx?journalpostid=2018004168&dokid=96949&versjon=1&variant=A& og https://www.vestre-slidre.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021003312&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=1499&).

Fig. 4: Teiknforklaring til neste figur.



Fig. 5: Oversiktskart faresonekartlagde område og framtidige byggeområde. Alle framtidige byggeområde i arealdelen teikna ut med gult og innsjøar markert med blått. Alle tema som går fram av fig. 4 teikna ut som det går fram av symbola i figuren.

Det er også gjort ei faresonekartlegging i samband med reguleringsplanen 0543R099 Vasetfjell (https://innsyn.iktvaldres.no/vsk/wfdocument.ashx?journalpostid=2018003015&dokid=91316&versjon=1&variant=A&) som er relevant for nedanforliggande område.

3.2.2 Flaum

- For Strandefjorden og Slidrefjorden er det utført flaumberekningar av Foreningen til Bægnavassdragets regulering (NVE rapport 37-2012).
- Det same gjeld Storfjorden (Norconsult Dokument nr.: 5120034_01).
- For innsjøane på grensa til Øystre Slidre er det gjort berekningar av NGI (https://www.oystre-slidre.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2016000215&MId1=259).
- For Vasetvatnet er det gjort berekning av NVE i 2010 (Rapport Vannlinjeberegning for Vasetvatnet (012.L2B))
- For Vasetåne er det gjort berekning av Norconsult i 2020 (https://www.vestre-slidre.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2020004671&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=1499&)

Areal ovanfor visse kotehøgder ved dei nemnte innsjøane er ut frå dette betrakta som avklarte mop flaumfare. Unntak er ved overlapp med aktsemdssone skred eller aktsemdssoner rundt bekkar. Unntaka er vist som faresoner i plankartet til arealdelen, vi forheld oss til der til faresonene i arealdelen under ROS-analysen.

Tab. 1: Innsjøar og berekna kotehøder for flaumfare:

		Faresone opp til kote
Mot ØSK	Høvsfjorden	431
	Heggefjorden	491
	Øyangen	679
Dalføret VSK	Strandefjorden	360
	Ferisfjorden*)	363
	Slidrefjorden	367
	Vasetvatnet	798
	Storfjorden	861

*) Ferisfjorden er ikkje omfatta av flaumberekning. Her har vi interpolert og berekna same stigning i vasstand som i Slidrefjorden ved flaum.

Fig. 6: Innsjøar der det er gjort flaumsoneberekningar markert med grønt.

4. Metodikk

Ved analyse av eit og eit delområde teiknar vi ut datasetta angitt i kapittel 2 og sjekkar visuelt om området er berørt av eller nært forekomstar.

Vi analyserer berre nye byggeområde, med eigenskapen AREALST = 2 i arealføremålet. Byggeområde i gjeldande kommuneplan eller kommunedelplan som ikkje er regulerte eller utbygde, er definerte som nye byggeområde.

Utbygde område er anten definerte som noverande byggeområde eller detaljeringssone der reguleringsplan fortsatt skal gjelde. Eksisterande bebygde eller frådelte spreidde, uregulerte fritidsbustader og bustader er anten noverande byggeområde eller LNFR. Desse er ikkje omfatta av analysen, men arealdelen viser alle aktsemdssoner, eventuelt reelle faresoner, som faresoner med tilhøyrande føresegner.

I analysen nyttar vi metodikken som går fram av DSB sin rettleiar frå 2017 om samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging. Vi analyserer kvart enkelt nye delområde til utbyggingsføremål etter slik oppbygging:

1. Skildrar delområdet og utbyggingsformålet
2. Identifiserer moglege uønska hendingar
3. Vurderer risiko og sårbarheit
4. Identifiserer tiltak for å redusere risiko og sårbarheit
5. Dokumenterer korleis funna frå analysen påverkar planforslaget

4.1 Skildring av delområda

I skildringa av delområda er det kartutsnitt av områda med temadata som vedkjem fare. Vi skildrar utbyggingsføremål, storleik på arealet, høgda over havet, vegetasjon, terrenghelling, tilkomst-tilhøve, vindeksponering, vassdrag og flaumvegar og om området er berørt av aktsemdssoner for skred eller flaum.

Der det er naturleg er det eit innleiande kapittel for fleire delområde innan eit naturleg avgrensa større område. Området sitt preg med høgde, vindeksponering, omfang av utbygging og tilkomsttilhøve blir skildra der.

4.2 Identifisere uønska hendingar

Vi nyttar her fylgjande tabell som sjekkliste. Hendingar som ikkje er aktuelle for delområdet blir grunngitt.

Tab. 2: Identifisering av uønska hendingar

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind		
Flaum og overvatn		
Steinsprang og steinskred		
Snøskred		
Jord-, flaum- og sørpeskred		
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann		
Akutt forureining		

Eksplosjon		
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon		
Svikt i vassforsyning		
Framkomst for redningsteneste		

4.3 Vurdere risko/sårbarheit

Hendingar som er aktuelle for delområdet blir vurderte.

4.3.1 Generelt

Risiko blir vurdert både i forhold til fare for planlagte tiltak i planområdet og fare som planlagte tiltak kan utløyse. Risiko er produktet av sannsyn og konsekvens:

Sannsyn

Sannsyn er eit mål for kor truleg det er at ei hending vil skje i planområdet innan eit visst tidsrom. Sannsyn er gruppert i tre klasser: høg, middels og låg. Kriteriene varierer mellom type hendingar, men blir i planROS-hendingar gjerne gruppert slik:

Tab. 3: Vurdering av sannsynskategoriar

Høg	Meir enn 1 gong kvart 10. år
Middels	Ei hending pr. 10-100 år
Låg	Sjeldnare enn ei hending pr. 100 år

Konsekvens

Konsekvens er verknaden den uønska hendinga kan få i delområdet eller utbyggingsføremålet. Konsekvenskategoriane er også gruppert i tre klasser: store, middels og små. Konsekvensar er vurderte ut frå tema liv og helse, stabilitet og økonomiske verdiar/produksjonstap.

Tab. 4: Vurdering av konsekvenskategoriar

	Store	**Middels**	**Små**
Liv og helse	Dødelege skadar, fleire personar	Dødelege skadar ein person	Personskadar
Stabilitet	Varig skade på eller tap av samfunnsverdiar	Kortvarig skade på eller tap av samfunnsverdiar	Ubetydeleg skade på eller tap av samfunnsverdiar
Materielle verdiar	Materielle skadar over 1.000.000 kr	Materielle skadar 100.000-1.000.000 kr	Materielle skadar under 100.000 kr

Om stabilitet

Omgrepet stabilitet omfattar kritisk infrastruktur og følgehendingar, ei vurdering av eventuelle forstyrrelsar i dagleglivet på grunn av svikt i kritiske samfunnsfunksjoner og manglande dekking av grunnleggande behov hjå befolkninga.



Fig. 7: Stabilitet. Framstilling av kritisk infrastruktur som er omfatta av omgrepet.

Sårbarheit

Sårbarheit skal vurderast dersom det er risiko. Under sårbarheit ligg konsekvensar for viktige samfunnsfunksjonar (som tele, data, sjukeheim, VA og vegar). Kommunens og samfunnets evne til alternative løysingar og raskt å gjenopprette normal drift etter hendinga er sentral i sårbarheitskriteriet.

4.3.2 Analyseskjema

Tilhøve som er aktuelle for delområdet blir vurderte ved hjelp av følgjande analyseskjema, eit for kvar uønska hending for kvart delområde:

Tab. 5: Analyseskjema

Nr		Uønska hending			
Skildring av uønska hending:					
Tryggleiksklasse (TEK 17)		Forklaring			
Bustader:					
Årsaker					
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak					
Vurdering av sannsyn					
Høgt		Middels		Lågt	
Grunngjeving for sannsyn:					
Konsekvensvurdering					
	Konsekvenskategoriar				
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant	
Liv og helse					
Stabilitet					
Materielle verdiar					
Samla grunngjeving av konsekvens:					

Sårbarheitsvurdering		
Usikkerheit	Grunngjeving	
Konsekvensen av klimaendringane		
Kjeldegrunnlag		
Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna		
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing
Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen		
Kjelder	Temadata frå Innlandsgis	
Deltaking		
Vedlegg		

4.4 Tiltak for å redusere risiko og sårbarhet

Her listar vi opp risikofaktorar i delområdet og kva spesielle tiltak som må gjennomførast med følgjande tabell:

Tab. 6: Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging

4.5 Dokumentasjon av korleis analysen påverkar planforslaget

Vi viser her til kvar funna i analysen er implementerte i plankartet og føresegnene til planen.

4.6 Metodikk ved analyse av planen sin samla verknad

Her vurderer vi risikoen for at det samla utbyggingspotensialet som planen legg til rette for kan gi svikt i strukturar som vedkjem liv og helse.

Her bereknar vi potensielt auka folketal i området som følgje av planen sitt samla utbyggingspotensial, både som følgje av framtidige byggeområde og auka utnytting i noverande byggeområde. Sannsynet for at potensialet blir nådd i planperioden blir omtala. Vi omtalar tilhøvet til kommunen sin heilskaplege ROS. Konsekvensar for trafikk og ulukker blir omtala her.

5. Analyser av delområde

I dette kapitlet analyserer vi kvart enkelt byggeområde. Vi startar i fjellet ved Syndin og går sørover til Vaset, så tek vi bygda der vi også startar i nord og går sørover til Røn.

Det er eit innleiande kapittel for fleire delområde innan eit naturleg avgrensa større område. Området sitt preg med høgde, vindeksponering, omfang av utbygging og tilkomsttilhøve blir skildra der.

5.1.1 Teinkforklaring til karta

Teiknforklaring til karta går fram av fig. 2 og 4. I tillegg er detaljeringssoner vist med svart skravur, noverande byggeområde vist med grått og framtidige med gult. Framtidige samferdsleline er vist med raude liner. Av grunnkart-data er skogkledde område vist med grønt og bygg, vegar og 1 m-koter er vist med mørk grått.

5.2 Midtre og Sørre Syndin (H1-H13)



Området ligg i tregrensa med aktuelle byggeområde frå 960-1050 moh. Området er ope og eksponert for vind og snøfokk. Det er ikkje skredfare i området. Det er mange moglegheiter for tilkomst frå bygda til området via private bomvegar. To av desse vegleiene, ei i nordvest og ei som kjem opp mellom Midtre og Sørre Syndin, er i god stand med greie stigningstilhøve, men båe er berørte av aktsemdsområde for flom ved bekker. Båe går også over vereksponerte område og kan bli stengte av snøfokk på kort varsel vintertid. Det er elektrisitet i området og planer om framføring av VA-nett.

5.2.1 H1



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H1 er 4 daa stort og ligg nord for nordenden av Midtre Syndin, rundt 1020 moh. Området er tilnærma flatt, er vestvendt og eksponert mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Eksponert, men som annan bebyggelse i området
Flaum og overvatn	Nei	Ingen aktsemdområde eller dreneringsliner
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Litt bratt tilkomst via eksisterande veg, ca 1/6 over kort strekk.

5.2.2 H3



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H3 er fire område på til saman 16 daa og ligg i eit regulert og etablert hytteområde ved nordenden av Midtre Syndin, rundt 1020 moh. Området er sørvestvendt og eksponert mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Eksponert, men som annan bebyggelse i området
Flaum og overvatn	Nei	Ingen aktsemdområde eller dreneringsliner
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet

Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Vegar regulert i omkringliggande reguleringsplan

5.2.3 H4 og H5



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H4 er 4 daa. H5 er teke ut av planen før 3. offentlege ettersyn. Områda ligg ved Midtre Syndin, rundt 970 moh. Områda har helling mot sørvest og er noko eksponerte mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Eksponert, men som annan bebyggelse i området
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsline gjennom H4
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde

Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Litt bratt tilkomst via eksisterande veg, ca 1/7 over kort strekk

Nr	H5	Uønska hending		Flaum	
Skildring av uønska hending: Flaum i dreneringsline					
Tryggleiksklasse (TEK 17)			Forklaring		
Bustader: F2					
Årsaker					
Stor snøsmelting og/eller mykje nedbør					
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak					
Ingen					
Vurdering av sannsyn					
Høgt		Middels		Lågt	
Grunngjeving for sannsyn: Dreneringsline – sannsyn er ukjent					
Konsekvensvurdering					
	Konsekvenskategoriar				
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant	
Liv og helse			X		
Stabilitet			X		
Materielle verdiar		X			
Samla grunngjeving av konsekvens: Begrensa nedørfelt					
Sårbarheitsvurdering					
Ikkje viktig infrastruktur i området					
Usikkerheit	Grunngjeving				
Konsekvensen av klimaendringane	Generell usikkerheit				
Kjeldegrunnlag	Temadata frå Innlandsgis				
Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna					
Nærare vurdering gjennom reguleringsplan					
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing			
	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene			
Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen					
Kjelder	Temadata frå Innlandsgis				
Deltaking					
Vedlegg					

Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging

Flaum i dreneringsline	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene

Føresegnene pkt. 2.1 dokumenterer at funna i analysen er implementerte i planforslaget.

5.2.4 H6, H7, H8, H9 og H10



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H6 er 32 daa, H7 er 8 daa, H8 er 23 daa, H9 er 20 daa og H10 er 112 daa. Områda ligg ved Midtre Syndin, rundt 990 moh. Områda har helling mot sør og er noko eksponerte mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		

Ekstrem vind	Nei	Eksponert, men som annan bebyggelse i området
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsline gjennom H6, 8, 9 og 10. Aktsemdssone flaum i H10
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Litt bratt eksisterande tilkomstar. Bør endrast gjennom reguleringsplan

Nr	H6,8,9,10	Uønska hending		Flaum	
Skildring av uønska hending: Flaum i dreneringsliner eller aktsemdssone					
Tryggleiksklasse (TEK 17)			Forklaring		
Bustader: F2					
Årsaker					
Stor snøsmelting og/eller mykje nedbør					
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak					
Ingen					
Vurdering av sannsyn					
Høgt		Middels		Lågt	
Grunngjeving for sannsyn: Dreneringsline – sannsyn er ukjent					
Konsekvensvurdering					
	Konsekvenskategoriar				
Konsekvenstypar	Store	Middels		Små	Ikkje relevant
Liv og helse				X	
Stabilitet				X	
Materielle verdiar		X			
Samla grunngjeving av konsekvens: Begrensa nedørfelt					
Sårbarheitsvurdering					
Ikkje viktig infrastruktur i området					
Usikkerheit	Grunngjeving				
Konsekvensen av klimaendringane	Generell usikkerheit				
Kjeldegrunnlag	Temadata frå Innlandsgis				
Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna					
Nærare vurdering gjennom reguleringsplan					
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing			
	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene. Aktsemdssone vist som faresone			

Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen	
Kjelder	Temadata frå Innlandsgis
Deltaking	
Vedlegg	

Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging
Flaum i dreneringsliner	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene
Flaum i aktsemdssone	Flaumsonevurdering	Faresone og tilknytta føresegn

Faresone i plankartet og føresegnene pkt. 7.1.2 og 2.1 dokumenterer at funna i analysen er implementerte i planforslaget.

5.2.5 H11



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H11 er 258 daa og ligg ved Sørre Syndin, 1000-1050 moh. Området har markert helling (rundt 1:5) mot sør og er skjerma av skålformasjon i landskapet mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde

Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Skjerma av skålformasjon i landskapet
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsliner og aktsemdssone
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Enkelte eksisterande tilkomstar er svært bratte. Bør endrast gjennom reguleringsplan

Nr	H11	Uønska hending	Flaum
Skildring av uønska hending: Flaum i dreneringsliner og bekk			
Tryggleiksklasse (TEK 17)		Forklaring	
Bustader: F2			
Årsaker			
Stor snøsmelting og/eller mykje nedbør			
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak			
Ingen			
Vurdering av sannsyn			
Høgt	Middels	Lågt	
Grunngjeving for sannsyn: Dreneringsline og aktsemdssone – sannsyn er ukjent			

Konsekvensvurdering				
	Konsekvenskategoriar			
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse			X	
Stabilitet			X	
Materielle verdiar		X		
Samla grunngjeving av konsekvens: Begrensa nedørfelt				

Sårbarheitsvurdering	
Ikkje viktig infrastruktur i området	
Usikkerheit	Grunngjeving
Konsekvensen av klimaendringane	Generell usikkerheit
Kjeldegrunnlag	Temadata frå Innlandsgis

Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna		
Nærare vurdering gjennom reguleringsplan		
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing
	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene. Aktsemdssone vist som faresone
Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen		

Kjelder	Temadata frå Innlandsgis
Deltaking	
Vedlegg	

Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging
Flaum i dreneringsliner	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene
Flaum i aktsemdssone	Flaumsonevurdering	Faresone og tilknytta føresegn

Faresone i plankartet og føresegnene pkt. 7.1.2 og 2.1 dokumenterer at funna i analysen er implementerte i planforslaget.

5.2.6 H12 og H13



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H12 er 168 daa og H13 er 56 daa. Områda ligg ved Sørre Syndin, 990-1050 moh. Området har markert helling (rundt 1:4) mot sør, delar av arealet er for bratt for utbygging. Arealet er noko skjerma av skålformasjon i landskapet mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Eksponert, men som annan bebyggelse i området
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsliner
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Bratt tilkomst via eksisterande veg

Nr	H12,13	Uønska hending	Flaum
Skildring av uønska hending: Flaum i dreneringsliner			
Tryggleiksklasse (TEK 17)		Forklaring	
Bustader: F2			
Årsaker			
Stor snøsmelting og/eller mykje nedbør			
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak			
Ingen			
Vurdering av sannsyn			
Høgt	Middels	Lågt	
Grunngjeving for sannsyn: Dreneringsline – sannsyn er ukjent			
Konsekvensvurdering			
	Konsekvenskategoriar		
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse			X	
Stabilitet			X	
Materielle verdiar		X		
Samla grunngjeving av konsekvens: Begrensa nedørfelt				
Sårbarheitsvurdering				
Ikkje viktig infrastruktur i området				
Usikkerheit	Grunngjeving			
Konsekvensen av klimaendringane	Generell usikkerheit			

Kjeldegrunnlag	Temadata frå Innlandsgis	
Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna		
Nærare vurdering gjennom reguleringsplan		
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing
	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene.
Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen		
Kjelder	Temadata frå Innlandsgis	
Deltaking		
Vedlegg		

Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging
Flaum i dreneringsline	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene

Føresegnene pkt. 2.1 dokumenterer at funna i analysen er implementerte i planforslaget.

5.3 Fiskeløyse (H20-H22)



Området ligg rett under tregrensa med aktuelle byggeområde frå 940-1050 moh. Området er delvis skjerma av Rennefjellet i vest men er stadvis utsett for snøfokk. Det er ikkje skredfare i området. Det

er tilkomst frå bygda og frå Syndin via private bomvegar. Vegane er berørte av aktsemdsområde for flom ved bekker. Det er elektrisitet i området men ingen planer om framføring av VA-nett.

5.3.1 H20



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H20 er 231 daa og ligg innunder Rennefjellet, 940-1050 moh. Området har markert helling mot aust, delar av arealet er for bratt for utbygging. Området er skjerma av Rennefjellet i vest men dei øvre delane av området kan vere utsette for snøfokk.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Skjerma mot vest
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsliner og aktsemdssone mot bekk

Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Enkelte eksisterande tilkomstar er svært bratte. Bør endrast gjennom reguleringsplan

Nr	H20	Uønska hending	Flaum
Skildring av uønska hending: Flaum i dreneringsliner og bekk			
Tryggleiksklasse (TEK 17)		Forklaring	
Bustader: F2			
Årsaker			
Stor snøsmelting og/eller mykje nedbør			
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak			
Ingen			
Vurdering av sannsyn			
Høgt	Middels	Lågt	
Grunngjeving for sannsyn: Dreneringsline og aktsemdssone – sannsyn er ukjent			

Konsekvensvurdering				
	Konsekvenskategoriar			
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse			X	
Stabilitet			X	
Materielle verdiar		X		
Samla grunngjeving av konsekvens: Begrensa nedørfelt				

Sårbarheitsvurdering		
Ikkje viktig infrastruktur i området		
Usikkerheit	Grunngjeving	
Konsekvensen av klimaendringane	Generell usikkerheit	
Kjeldegrunnlag	Temadata frå Innlandsgis	
Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna		
Nærare vurdering gjennom reguleringsplan		
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing
	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene. Aktsemdssone vist som faresone
Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen		
Kjelder	Temadata frå Innlandsgis	
Deltaking		
Vedlegg		

Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging
Flaum i bekk og dreneringsliner	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene
Flaum i aktsemdssone	Flaumsonevurdering	Faresone og tilknytta føresegn

Faresone i plankartet og føresegnene pkt. 7.1.2 og 2.1 dokumenterer at funna i analysen er implementerte i planforslaget.

5.3.2 H21



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. H21 er 32 daa. Områda ligg nord for vatnet Fiskeløyse, rundt 1000 moh. Området har markert helling mot nord, og er noko skjerma av skog og skålformasjon i landskapet mot vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		
Ekstrem vind	Nei	Skjerma mot vest
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsliner
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Jord-, flaum- og sørpeskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Menneskeskapte forhold - ***Påverkast planområdet av eller kan planen få konsekvensar for:***		
Brann	Nei	Kun generell brannfare
Akutt forureining	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Eksplosjon	Nei	Ingen aktuelle verksemder i nærområdet
Bortfall av elektrisitet og telekommunikasjon	Nei	Ikkje kritisk for eit hytteområde
Svikt i vassforsyning	Nei	Pt. kun separate anlegg
Framkomst for redningsteneste	Nei	Bratt tilkomst, bøt vurderast endra i reguleringsplan

Nr	H21	Uønska hending	Flaum
Skildring av uønska hending: Flaum i dreneringsliner			
Tryggleiksklasse (TEK 17)		Forklaring	
Bustader: F2			
Årsaker			
Stor snøsmelting og/eller mykje nedbør			
Eksisterande barrierer / Avbøtande tiltak			
Ingen			
Vurdering av sannsyn			
Høgt	Middels	Lågt	
Grunngjeving for sannsyn: Dreneringsline – sannsyn er ukjent			

Konsekvensvurdering				
	Konsekvenskategoriar			
Konsekvenstypar	Store	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse			X	
Stabilitet			X	
Materielle verdiar		X		
Samla grunngjeving av konsekvens: Begrensa nedørfelt				

Sårbarheitsvurdering	
Ikkje viktig infrastruktur i området	
Usikkerheit	Grunngjeving
Konsekvensen av klimaendringane	Generell usikkerheit
Kjeldegrunnlag	Temadata frå Innlandsgis

Forslag til tiltak og mogleg oppfølgjing i reguleringsplanen og anna		
Nærare vurdering gjennom reguleringsplan		
Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølgjing
	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene

Kunnskapsgrunnlag og deltaking i analysen	
Kjelder	Temadata frå Innlandsgis
Deltaking	
Vedlegg	

Spesielle tiltak for dette området som MÅ gjennomførast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik.

Sårbarheit/risiko	Tiltak	Oppfølging
Flaum i dreneringsline	Reguleringsplankrav	Reguleringsplankrav i føresegnene

Føresegnene pkt. 2.1 dokumenterer at funna i analysen er implementerte i planforslaget.

5.3.3 H22



Avsett til byggeområde for fritidsbustader. HF3 er 39 daa stort og ligg nordaust for vatnet Fiskeløyse, rundt 980 moh. Området er småkupert, svakt nordvendt og noko skjerma av skog og landskapsformasjonar i vest.

Hending	Aktuelt for delområdet?	Grunngiving/kjelde
Naturfare – ***Er området utsett for , eller kan planen medføre risiko for:***		

Ekstrem vind	Nei	Eksponert, men som annan bebyggelse i området
Flaum og overvatn	Ja	Dreneringsline
Steinsprang og steinskred	Nei	Ingen aktsemdområde
Snøskred	Nei	Ingen aktsemdområde
